



Til medlemene i Formannskap/økonomiutval

Det vert med dette kalla inn til / gjort kjent med møte i Formannskap/økonomiutval

Møtestad: Kommunestyresalen, Kommunehuset

Dato: 14.12.2017

Tid: 15:00

Dersom De ikkje kan møte, ber ein om at De melder frå til sentralbordet snarast råd.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka
	Saker til handsaming	
PS 107/17	Godkjenning av protokoll frå forrige møte.	
PS 108/17	Handlingsplan for idrett og friluftsliv 2018	
PS 109/17	Prioritering av søknadar om spelemidlar 2018	

Saker til handsaming

PS 107/17 Godkjenning av protokoll frå forrige møte.



Seljord kommune

Arkiv: C20
Saksnr.: 2017/2005-1
Sakshand.: Asbjørn Storrusten
Direkte tlf.: 35065155
Dato: 12.12.2017

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap/økonomiutval	108/17	14.12.2017
Kommunestyret		

Handlingsplan for idrett og friluftsliv 2018

Saksdokument:

Utkast til mellombels Handlingsplan for idrett og friluftsliv 2018, dagsett 12.12.2017 – følger i eige vedlegg.

Saksutgreiing:

Kulturdepartementet stiller krav til at alle kommunar må ha vedteke Handlingsplan for idrett og friluftsliv som del av Kommunal plan for idrett og friluftsliv for å kunne søke om spelemidlar til idretts- og nærmiljøanlegg.

Kommunanes søknadsfrist for spelemidlar er 15. januar kvart år.

Formannskapet må godkjenne Mellombels handlingsplan for idrett og friluftsliv 2018 for Seljord kommune.

Som lågterskeltilbod reknar ein turvegar/ - stigar, sykkelvegar, skiløyper, aktivitetspark, badeplassar og liknande i område der folk bur.

Idrettsrådet i Seljord vil drøfte dette utkastet til Handlingsplanen i møte sitt 9. januar 2018 og vil der rå kommunen til å godkjenne justert Handlingsplan for idrett og friluftsliv for Seljord kommune for 2018.

Utkast til Handlingsplan for idrett og friluftsliv 2018, dagsett 12. desember 2017 er eige vedlegg i saka.

Seljord idrettsråd si tilråding;

Idrettsrådet vil ha endeleg drøfting av handlingsplanen for 2018 på møte sitt 9. januar 2018.

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår Formannskapet til å gjere fylgjande vedtak;
Seljord kommune vedtek Mellombels handlingsplan for idrett og friluftsliv for Seljord kommune 2018 som gjeldande for kommunen. Rådmannen får fullmakt til å foreta enkle justeringar av planen, i samråd med Idrettsrådet, fram til 15. januar 2018.

Utskrift til: Telemark fylkeskommune



Seljord kommune

Arkiv: C20
Saksnr.: 2017/2006-1
Sakshand.: Asbjørn Storrusten
Direkte tlf.: 35065155
Dato: 12.12.2017

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap/økonomiutval	109/17	14.12.2017
Kommunestyret		

Prioritering av søknadar om spelemidlar 2018

Saksutgreiing:

Formannskapet må vedta kommunens prioritering av søknadar om tilskot av spelemiddel til anlegg for idrett og fysisk aktivitet for 2018. I 2018 er det berre Seljord idrettslag som søker om spelemidlar og dei har prioritert søknadane.

Aktuelle søknadar er:

Ordinære anlegg

Seljord idrettslag; Raudkleiv - Garasjebygg

Seljord idrettslag; Eventyrøy - Renovering klubbhus

Seljord idrettslag; Eventyrøy - Renovering av treningsbane

Nærmiljøanlegg

Ingen søknadar for 2018

Idrettsrådets si tilråding:

Seljord idrettsråd (SIR) vil handsama prioritering av spelemiddelsøknadar i møtet sitt 9. januar og vil då tilrå ei prioritering av søknadane.

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår Formannskapet gjere følgjande vedtak;

Seljord kommune prioritere søknadane om spelemidlar for 2018 slik;

Ordinære anlegg

1. Seljord idrettslag; Raudkleiv - Garasjebygg

2. Seljord idrettslag; Eventyrøy - Renovering klubbhus

3. Seljord idrettslag; Eventyrøy - Renovering av treningsbane

Nærmiljøanlegg
Ingen søknadar for 2018

Rådmannen får fullmakt til å gjere naudsynte justeringar av prioriteringane, i samarbeid med søkjar og Idrettsrådet fram til endeleg søknadsfrist for spelemidlar 15. januar 2018.

Utskrift til: Telemark fylkeskommune